

Tid og stad:	2. februar – 3. februar 2019, Oslo
Til stades:	Christina Babington, Karianne Fremo Sveistrup, Lisa Holmås, Kaja Mæsel Wadkin, Morti Kvisvik, Sarah Fabricius Jul-Rasmussen, Kristine Berg Evensen (1.vara) Astrid Bergheim Kringstad (2.vara) Kjetil Vesteraas (dagleg leiar) sak 3/19 g), 7/19, 15/19, 17/19 og 18/19.
Gjestar:	Sandra Ølberg Stølen (aktivitetssekretær) til stades ved sak 4/19. Sondre Emil Sandal til stades via telefon ved deler av sak 9/19.
Forfall:	Alle saker: John-Erik Forland Mo Karianne Fremo Sveistrup ved deler av sak 17/19. Morti Kvisvik ved sak 3/19 f), 5/19, 6/19, 9/19, 10/19, 11/19, 12/19, 13/19, 14/19, 19/19 a)
Saker:	SST 2–19/19

SST 2/19 Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling blei sendt ut 11.januar 2019. Saksliste blei sendt ut 25.januar. Dette er i tråd med vedtatt forretningsorden. Nokre saker blei derimot lagt til i sakslista i siste liten, etter at ho blei sendt ut, sak 17/19 og sak 18/19. Styret inkluderer desse i sakslista.

Vedtak: Innkalling og saksliste godkjennast.

SST 3/19 Referatsaker

a) Referat

- Sentralstyremøte, 30.november – 2. desember 2019, Oslo
- E-postsak, SST 102/18 - linjer på Juventeskulen 2019
- E-postsak, SST 1/19 - Børspremier 2019

Styret blir minnet på at dei *skal* stemme på e-post saker.

Vedtak: Sentralstyrereferata godkjennast.

b) Sidan sist

Styret tek ein runde på kva dei har gjort sidan førige møte.

Astrid: 2 møter med stand arbeidsgruppe, møte med sumarleirkomiteen, jobba med lokallagsaktivitet, kolon leiarhelg.

Kaja: stand med kvit jul, jobba med lokallagsaktivitet, lagd nyttårsvideo, planlagt linje til Juventeskulen, vert på UiA seminar om psykisk helse og rus, mast på medlemmer om kontingent.

Kristine: drevet med lokallagsaktivitet, møte med sumarleirkomitee, forberedt foredrag til Juventeskulen.

Lisa: 3 møter med stand arbeidsgruppe, kolon leiarhelg, lokallagsaktivitet.

Morti: Sentralstyremøte til IOGT, lagd aktivitetar til aktivitesbanken på juvente.no, undersøkt lokale til Juventeskulen 2019, kolon leiarskulering, bidratt til LOSO podcast, kolon oppdrag, 3 møter med stand arbeidsgruppe.

Sarah: jobba med og lansert sumarleir.

Vedtak: Teke til orientering.

c) Nytt frå andre organisasjonar

Dei som representerer Juvente i andre organisasjonar orienterer viss det er noko å melde frå desse.

Juba (Karianne): «hvem blir norgesmester» prosjektet har oppnådd eit bra resultat, nådde 700 medlemmer, pågåande debatt om kor ruspolitisk Juba generelt skal vere, ny nettstad, lagd budsjett, tatt stilling til Actis sin bruk av begrepet avkriminalisering, har 10 års jubileum i år.

IOGT (Morti): hatt styremøte før jul, hvit jul kampanjen gjekk greitt, vedtatt å selge Solhaug og Kvamshaug hytta, ynskjer å endre namnet med å legge til noko meir etter «IOGT».

DNT – Edru Livstil (John-Erik): Intet nytt.

FORUT (Christina): Hatt møte, fått gode tilbakemeldingar på NORAD-søknaden, forbereder årsmøte 25. april.

Vedtak: Teke til orientering.

d) Leiars rapport

Leiar orienterer om kva ho har gjort sidan førige møte.

Vedtak: Teke til orientering.

e) Nestleiarars rapport

Nestleiar orienterer om kva ho har gjort sidan førige møte

Vedtak: Teke til orientering.

g) Dagleg leiars rapport

Dagleg leiar orienterer om eigen rapport.

s Vi fikk ein million kroner frie midlar frå statsbudsjettet, viktig at styret prioriterer å bruke desse pengane godt slik at me kan få den same støtta i framtida.

Arbeidet med å sikre eigedommar går bra.

Hjelpfondet er sprekkfullt og blir større og større sidan avkastning og renter går rett tilbake til fondet. I framtida bør me sjå på kva me skal bruke avkastning og renter på sidan det er ikkje hensiktsmessig at hjelpfondet skal bli noko særleg større.

Vedtak: Teke til orientering.

f) Rapport frå prosjekta

Prosjektleiarane orienterer om prosjekta, sjå eigen rapport.

Styret er fornøgd med innsatsen som blir lagt ned i å skape ein meir fullstendig prosjektportefølje.

Kolon: Bra at me er i gang med kolon oppdrag så tidleg på året.

SK internasjonalt: Styret lurar på kor pengane til prosjektet kjem frå.

3. Millioner grunner (Iselin): Nokon i styret ynskjer meir informasjon om konteksten til prosjektet.

Skjenkekontrollen (Beate/ Ida): Nokon i styret lurar på når appen kjem til å bli ferdig, konseptet ser veldig bra ut.

LOSO – La oss snakke om (Ida): Etterkvert som nettstaden får fleire og fleire saker bør det ikkje ligge så mange saker ute på framsida fordi det ser litt rotete ut. Kan eventuelt lage fleire underkategorier.

Vedtak: Teke til orientering.

SST 4/19 Medlemstal- og organisasjonsrapport

Aktivitetssekretær orienterer om medlemstala, sjå eigen rapport.

På rapporten i dag står det at i **31.12.18 var det 698 betalande under 26**, mens 02.01.19 sto det at dette var 740 medlemmer. Aktivitetsekretær har vore i kontakt med hypersys, forhåpentlegvis er dette bare ein feil som har oppstått når dei skulle flytte over betalande medlem under 26 frå 2018 til 2019.

Dei 89 nye betalande for januar 2019 er mest sannsynlig også ein feil, og medlemmer som har meldt seg inn i desember.

Nesten 400 av dei 740 medlemmane me hadde i 2018 kjem frå tusenfrydkampanjen, *veldig* skummelt.

I rapporten manglar både Tønsberg sitt årsmøte 2018 på grunn av ikkje innsendt referat, og Oslo sitt ekstraordinere møte i 2018 manglar også.

Har dessverre vore veldig lite verving i organisasjonen gjennom heile 2018, kriselåge tal.

Vedtak: Rapporten teke til orientering.

SST 5/19 Oppfølging av lokallag (P-SAK)

Vedtak: Teke til orientering.

Til neste møte skal følgende vere i fokus i kontakten med lokallaga:

- *Få lokallaga til å gjere det billigare på samlingar dersom nokon betaler kontingenten der og då.*
- *Komme på Juventeskulen.*
- *Inviter og Informer om utvida sentralstyremøte.*

SST 6/19 Plan for verving og medlemsvekst

Me må lage ein plan for verving og medlemsvekst framover!

Me planla å ha ein intern vervekonkuranse i januar som ikkje blei gjennomført. Kan vurdere å ha dette i framtida, men det må vere i ein roleg periode når me har tid, f.eks. i sumarferien.

Styret diskuterer: Kanskje det å få opp det ideologien engasjementet i organisasjonen vil gjere at folk får ein større følelse av kvifor verving er viktig?

Lisa foreslår: kan ha ein temamånad der me lager kampanjemateriell hovudsakeleg på nettet, der me kvar veke har fokus på eit ideologisk tema i staden for superverveveke i mars.

Styret kan også eventuelt jobbe med å skaffe ein person i 20% prosjektstilling som overtar lokallagsoppfølginga og kan reise rundt til lokallaga og hjelpe til der det trengs. Målet er å få meir stabile lokallag.

Vedtak:

- 1) *Christina undersøker ilag med Kjetil om å sette ein person i ein form for 20% stilling, som kun skal jobbe med lokallagsoppfølging, er økonomisk ansvarleg.*
- 2) *Lisa lager eit utkast til korleis ein ideologisk temamånadkampanje kan sjå ut, og sender dette til sentralstyret og eventuelt aktivitetssekretær.*
- 3) *Christina legger ut standplasser på aktivitetsoversikten og lager stillingsutlysning, samt sørger for at det blir delt i facebook gruppa.*

SST 7/19 Avkriminalisering

Saken er ein oppfølging av SST 94/18, med følgende vedtak «Dagleg leiar lager eit utkast til eit dokument på vegne av Juvente, der Juvente stiller krav til korleis rusreformen bør sjå ut, i henhold til Juventes politiske program. Utkastet skal være ferdig til neste sentralstyremøte, der saken blir tatt opp igjen»

Daglig leiar legger fram sitt forslag.

«Juvente støtter rusreformens intensjon om å sikre bedre og mer helsehjelp til rusavhengige. Hvilke virkemidler man innfører, beholder eller avviker for å lykkes med dette vil ha svært ulike effekter, og det er derfor ikke mulig å vurdere potensielle resultater uten at virkemidlene

og effekten av disse har blitt avklart. Juvente mener at det generelt er lagt for lite vekt på det forebyggende perspektivet i mandatet, og at det begrenser utvalgets mulighet til å sikre videreføring av de gode resultatene som vi har oppnådd med å sikre lav bruk av rusmidler i befolkningen generelt, og blant ungdom spesielt. Juvente mener at ruspolitikk er en politikk for alle, og at dette må legges til grunn for reformarbeidet, slik at man både sikrer en forbedring av situasjonen for de rusavhengige uten å samtidig innføre mekanismer som øker rusproblemene for andre grupper, spesielt for ungdom. Juvente mener at helsehjelp til rusavhengige ikke krever avkriminalisering av bruk og besittelse, og at en slik endring av de juridiske rammevilkårene for rusmidlenes posisjon for hele befolkningen er utilstrekkelig utredet, og bør derfor avvente beslutningsgrunnlag, f.eks. i form av en NOU

Juvente mener:

- Ja til bedre helsehjelp for rusavhengige.
- Nei til avkriminalisering av rusmidler, primært fordi det vil øke aksepten for bruk, og dermed bidra til flere brukere, økt bruk blant dem som bruker og/ eller reduksjon i debutalder for bruk.»

Styret diskuterer:

Noreg har ein veldig spesielt posisjon i forhold til andre land som har liberaliser lovverket sitt, fordi i Noreg har veldig låge brukstal.

Utkastet er for langt og må kortast ned. Nokon i styret kan eventuelt jobbe med å korte ned utkastet, ilag med Kjetil. Nokon i styret ynskjer at dokumentet skal vere mindre polarisert.

Vedtak: Dokumentet skal ferdigstilles og kortast ned. Kjetil ilag med Karianne jobbar vidare med dette, samt at dokumentet ikkje skal vere for polarisert. Saken blir tatt opp att igjen på eit framtidig styremøte, og etter eventuell godkjenning skal leverast til Actis som respons på deiras uttalelse om støtte til avkriminalisering.

SST 8/19 Sumarleir oppdatering

Sumarleirkomiteen oppdaterer styret om sumarleiren 2019.

Påmeldinga er opna. Påmeldinga må prioriterast og sumarleir må leggest ut på aktivitetsoversikta. Hatt møte i januar, skal ha møte neste veke. Har bestemt hovudaktivitetane på leiren. Har lagd søknader og skal sende desse ut for å få pengestøtte, men leirstaden må signere dei i forkant. Budsjettet er klargjort. Promovideoen har nokre skrivefeil og skal redigerast på nytt.

Vedtak: Teke til orientering. Budsjettet skal sendast til styret for godkjenning.

SST 9/19 Oppdatering frå arbeidsgruppe – skuleringsturktur

Arbeidsgruppa for skuleringstruktur legger fram det dei har jobba med til no, sjå vedlegg. Sentralstyret kjem med eventuelle tilbakemeldingar.

Styret ringer Sondre Emil Sandal om oppdatering på skuleringstruktur:

Sandra og Sondre har jobba med å lage ein struktur på korleis ein kan registrere kva medlemmer som deltek på skuleringar. Dette står stille for augneblinke fordi det siste som gjenstår er at Kjetil undersøker kva som skal gjerast.

Arbeidsgruppa trenger fleire folk, sidan dette er mykje arbeid og kontoret ikkje har kapasitet til å bidra, helst nokon med skrivekompetanse. Foreløpig er planen å spørje folk direkte på Juventeskulen, men ein kan også ta direkte kontakt med eldre ressurspersonar.

Tilbakemelding: Styret ynskjer ikkje at Sondre skal stå ansvarleg på alt, ettersom det er veldig krevande å konstant mase på folk og er ikkje ein jamn fordeling av tillit blant arbeidsgruppa. Sondre kan derimot ha hovudansvar for ansvarsfordeling i gruppa og finpussing av arbeidet.

Styret er elles veldig imponert med det som er blitt gjort.

Vedtak: Styret ilag med administrasjonen ei liste med aktuelle ressurspersonar arbeidsgruppa kan prøve å rekruttere.

SST 10/19 Juventeskulen 2019

Juventeskulen nærmar seg, og me bør ta ein statusoppdatering for å sørge for at me har kontroll, samt fastsette programmet.

Har skaffa lokale, Årvoll skule. Har ikkje gymsal dessverre og ikkje mange stader å sitte, men er ellers eit bra lokale. Programmet er ikkje ferdigstilt endå på grunn av sein tilbakemelding frå foredragshaldare utanfrå.

Oppdatering på linjestatus: planlegging av lokallagslinja går greit, Juvente 101 går greit, politikk og medialinja er ikkje påbegynt.

Prosjektlinja har 1 person påmeldt, dersom det ikkje blir fleire må me finne ut korleis me kan implementere prosjekta i programmet slik at me får tilgang til prosjektmidlar. Styret diskuterer å i så fall ha eit foredrag om prosjekta til Juvente, eller å eventuelt endre linja frå å vere ei Kolon skulering til noko som kven som helst kan delta på. Styret stemmer for om dei skal endre innhaldet i prosjektlinja med aktiv votering.

- 2 for
- 5 imot
- 0 blanke

Innhaldet på prosjektlinja blir ikkje endra.

Styret diskuterer: Lage nokre spelkroker og teiknekroker på kveldstid der folk kan samlast. Me ynskjer å gjennomføre smågrupper frå fredag- søndag, men gjerne litt kortare enn tidlegare.

Vedtak:

- 1) *Lisa maser til medlemma om påmeldingsfristen til juventeskulen. Christina oppdaterer nettstaden og eventuelle andre stader om kor juventeskulen skal vere.*
- 2) *Astrid og Lisa lager og held eit verveforedrag til juventeskulen*
- 3) *Kaja og Karianne planlegger mindre smågrupper til Juventeskulen.*
- 4) *Christina undersøker om ein kan skrive kva mat som blir tilbedt på arrangementet i forkant.*

SST 11/19 Innspill til LNUs barne- og ungdomspolitiske program og vedtekter

LNU har sendt ut to dokumenter til høyring blant medlemsorganisasjonane. Det eine dokumentet er eit forslag til eit nytt barne- og ungdomspolitisk program, og det andre dokumentet er ein revidering av vedtektene. Dokumenta blei sendt ut til styret på e-post tidlegare i januar. Høyringsfrist er 15. februar, og me bør sjå på om Juvente ynskjer å komme med innspel til desse.

Vedtak: *Christina og Karianne går gjennom vedtektene og politisk program til LNU og undersøker om Juvente vil komme med nokre innspel, og sender det til styret for eventuell godkjenning. Styret kjem med andre innspel etterkvart dersom dei ynskjer det .*

SST 12/19 Årsmelding 2018

Me må utarbeide ein årsmelding for 2019 innan 1. april. Tidlegare har me fordelt dei ulike delane mellom styremedlemma og administrasjonen. Årsmeldinga består av følgande deler:

- Innleiing (forord frå leiar):
- Aktivitet, medlemmer og lokallag:
- Politikk og mediearbeid:
- Styret og ledelse:
- Prosjekt:
- Internasjonalt arbeid:
- Økonomi:
- Administrasjon:

Vedtak:**Ansvarsfordeling:**

- *Innleiing (forord frå leiar): Christina*
- *Aktivitet, medlemmer og lokallag: Lisa*
- *Politikk og mediearbeid: Karianne*

- *Styret og ledelse: Christina*
- *Prosjekt: Sarah i samarbeid med prosjektleiarane*
- *Internasjonalt arbeid: Christina*
- *Økonomi: Kjetil*
- *Administrasjon: Administrasjonen*

Deadline for å sende inn dokumenter er **1. mars**. Dokumenta skal sendast til leiar på e-post.

SST 13/19 Medlemsundersøkelse

Me tar ein gjennomgang av resultatata frå medlemsundersøkelsa.

- Dei fleste som blir verva blir verva gjennom familie og venar.
- Folk flest syns det er veldig lett å betale medlemskontingenten.
- Det aller viktigaste med Juvente for folk er tilgang på rusfri aktivitet i lokalområda, ilag med sosial møteplass for ungdom og aksept for å ikkje drikke. Dette vil også folk at me skal jobbe mest med.
- Folk vil også at me skal jobbe mindre med krig og konflikt. Ha i bakhovudet at eit par vil at me skal jobbe mindre med alkohol- og narkotikapolitikk.
- Dei viktigaste premiane på Juventebørsen er 1-2 poengs premiane.
- Fleste parten er klar over medlemsløftet, men må sørje for at *alle* veit kva det inneberer.
- Mesteparten vil at Juvente *skal* ha eit medlemsløfte, og at det skal stå slik de gjer.
- Mesteparten vil få info gjennom facebook, juvente.no, e-post og sms og det er me flinke på allereie.

Vedtak: teke til orientering

SST 14/19 Viktige datoar i vår

- 25. april 2019 – FORUTs årsmøte, 5. representantar
- 26. april 2019 – BUT (LNUs landsmøte), 2. delegatar

Vedtak:

1. *Årsmøte FORUT: Karianne drar. Christina finner andre aktuelle personer til å sende på møtet.*
2. *BUT: Karianne og Christina drar.*

SST 15/19 (P-SAK)

SST 16/19 Konstituering

Som følge av at Patrick har valt å trekke seg frå sentralstyret, må me foreta nokre endringar i styrets konstituering.

Vedtak:

1. *Kristine Berg Evensen flyttas opp til 1. vara.*
2. *Astrid Bergheim Kringstad flyttas opp til 2. vara.*

SST 17/19 (P-SAK)

SST 18/19 Oppdatering om politiattest

Kjetil presenterer det han har funnet ut for styret, sjå eget vedlegg.

Styret diskuterer:

Juba har også undersøkt det med politiattestar, og fant ut at ein ikkje har lov til å krevje nye politiattestar slik som Juvente gjer per dags dato. Dersom nokon allereie har levert ein politiattest tidlegare, må det gå ein viss tidsperiode før ein kan krevje ein ny ein.

Politiattest bør krevjast av folk som har formelle verv eller eit formelt ansvar på eit arrangement. Politiattest kan også ta tid og krevje, lengre tid enn det me har i forkant av eit arrangement. Å krevje ein attest kan forhindre at folk som veit at det vil dukke opp noko ikkje søker seg til posisjoner der dei blir bedt om ein attest i Juvente, sjølv om denne blir levert i etterkant av eit arrangement.

Dersom politiattestar skal implementerast på lokallagsnivå kan ein gå gjennom søknadsprosessen årsmøte deira der enten nokon frå sentralt eller eit tidlegare lokallagstyremedlem kan vise korleis ein søker om politiattest. Dokumentasjonen som ein bruker når ein skal søkje om politiattest kan kontoret fylle ut i forkant og ikkje skrive namn.

Nokon i styret uttrykker bekymring for konsekvensane av å utbreie krav om politiattest dersom dette ikkje blir oppfølgt skikkeleg. Veldig viktig å informere godt om kva ein politiattest er og inneberer, og kvifor me spør om det før det blir kravd.

Styret drøfter om dette bør heller bli tatt opp på landsmøte eller utvida styremøte, sidan dette skal bli gjennomført i lokallaga. Personar som skal ta på seg lokallagsverv kan bli vasskrekken av bli bedt om det, men det kan også gjere at folk syns det er gøy at Juvente viser dei meir tillit.

Vedtak:

- 1) *Styret er for å lage eit prøveprosjekt, der me tester å hente inn politiattester frå folk med styreverv i nokre lokallag og implementere det i eit nasjonalt register. Administrasjonen skal også vurdere å implementere personer med leiaransvar på arrangement i prøveprosjektet.*
- 2) *Saken skal tas opp att igjen på neste møte.*

SST 19/19 Eventuelt

- a) Oppdatering frå stand arbeidsgruppa

Vedtak: *Arbeidsgruppa oppdaterer på e-post i etterkant av møte*